

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

UTTALE FRÅ NATURVERNFORBUNDET TIL KONSEKVENSGREIING OG SØKNAD OM KONSESJON FOR HARAM VINDKRAFTVERK - TILLEGGSUTGREIING

Vi viser til tilsendt dokument av november 2005.

3 nye alternativ

Alternativ 1 utan vindmøller på Flemsøya, løyser problemet knytt til Flemsøya, men verknadene med anlegget på Haramsøya er ikkje akseptabelt, verken for folk eller fugl. Det var for mange møller i den første plana, og det er no ei auke som gjer det endå verre.

Alternativ 2 med 4 vindmøller på Flemsøya, løyser ikkje problemet med påverknaden av Flemsøya i tilstrekkeleg grad. Sjølv om noko av problemstillinga på Haramsøya er løyst, er problema knytt til fugl framleis svært store.

Alternativ 3 utan vindmøller på Flemsøya og færre, men større møller på Haramsøya ser ut til å vere eit alternativ som kan redusere noko på dei negative verknadene, men det er like fullt svært konfliktfylt med omsyn til fugl.

Behov for samla vurderingsgrunnlag

Naturvernforbundet sa i ordinær høyringsrunde at dette utbyggingsprosjektet må vurderast saman med fleire andre, slik at dei kan sjåast i samanheng og at dei minst konfliktfylte utbyggingsprosjekta kan veljast framfor andre. Situasjonen er no slik at det må seiast ja eller nei til dette prosjektet, og vi veit ingenting sikkert om noko av det andre.

Viss det t.d. viser seg å vere mogleg å bygge ut eit stort grunthavfelt (med ein del negative faktorar som alt i alt likevel er mindre enn alternativa), vil det vere feil å bygge ut eit mindre prosjekt på Haramsøya som også har ein del negative faktorar. Viser det seg at alle dei andre utbyggingane har større negative verknader enn Haramsøya, kan det vere at Haramsøya skal byggast ut som det minste av fleire onde. Summen av tiltak vil få verknad for vurderinga av løysingane. Dette er det heilt umogleg å seie noko om no.

Utbygging av vindmølleprosjekt vil nok vere avhengig av ein viss aksept hos folk i nærområdet. Viss folk skjønar at inngrepet der dei bur blir eit samla sett mindre inngrep enn andre alternativ, vil det vere lettare å akseptere. Det bør vere ein god grunn for at fleire vindkraftprosjekt no blir samkøyrde i tid, så det kan gjerast samla vurderingar av verknad.

Gjennomgangen frå Direktoratet for Naturforvaltning og Riksantikvaren nyleg er eit steg på vegen, men framleis står det att noko arbeid for å få på plass denne reiskapen. Dessutan manglar det ein heilt vesentleg ting, behovet for og verknadene av nye kraftliner. Noko er med i høyringa, men det er mykje overordna som ingen har fått sjå eller har fått seie noko om.

Regjeringa har utsett innføringa av Grøne sertifikat for vindkraft, og det gjev Møre og Romsdal høve til å gjennomføre ein slik samla gjennomgang før vi går vidare med eventuell vindkraftutbygging i vårt fylke. Naturvernforbundet tar sikte på å ha møte med Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet om dette i løpet av vinteren, og vi reknar med at til og med NVE no kan ha interesse av å vente på ein slik prosess.

Behov for kombinasjon med annan straumproduksjon

Det står ikkje noko direkte om det i utgreiinga, men ei av rammene for prosjektet ser ut til å vere at det skal vere ein installert effekt på kring 63 MW. Naturvernforbundet går ut frå at dette har nøye samanheng med kor mykje straum som kan gå gjennom ein eller annan passasje i kraftsystemet, teknisk eller økonomisk.

Når naturen ikkje er stor nok og denne faste mengda med kraftproduksjon må vere der, då blir det vanskeleg. Viss det var råd å tenkje seg at noko ledig kapasitet kan setjast av til seinare bruk, t.d. når bølgekraft blir moden teknologi, så kan det vere at vindmølleutbygging og naturen sine rammer kunne passe betre saman. Dette er vel ein tanke som er i strid med alle retningsliner for økonomiske kalkylar.

Når alle løysingar er bestemt av at det er pengane som rår, godtek vi ikkje at det er naturen som skal vere det omsynet som skal vike. Kraftproduksjon er ei avgrensa vare. Ytterlegare produksjon er mogleg på ein berekraftig måte, men har høgare kostnad. Er ein ikkje viljug til å betale meir for straumen, så må ein ta til å spare i staden. Er det ikkje vilje til dette, fortener ein heller ikkje å kunne auke bruken av straum.

Landskap.

Inngrepa i landskapet er store. Viss det skal byggast vindmøller, må ein rekne med at dei syner. Det er difor meir eit spørsmål om ein kan akseptere løysinga likevel.

Alternativ 3 slik det går fram av fotomontasje frå Austnes og Longva viser ikkje verknaden av den største typen vindmøller. Vi manglar difor visualisering av denne løysinga.

Alternativ 1 og 2 er uakseptable, på same måte som opprinneleg søknad.

Fugl

Vindparken på Smøla har no vore i ordinær drift i noko meir enn eit halvår. Verknaden på fuglelivet som følgje av vindmøllene og tilhøyrande linenett ser ut til å vere alvorleg for havørna. Naturvernforbundet kjenner til at det er funne 4 havørn i Smøla vindpark det siste halve året. Desse 4 er funne "tilfeldig", slik at det er potensiale for at det kan vere fleire. NEAS har vidare opplyst at dei har funne 2 havørn i kraftlinenettet (lågare nivå høgspenn) på Smøla siste året og 5 til i åra før. Vidare har havørnungeproduksjonen på Smøla blitt halvert etter utbygginga. Det er høgst truleg at havørnbestand på Smøla no ikkje har reproduksjon som er stor nok til å kompensere dette. Når mange av dei andre stadene der det er havørn også er utsett for vindmøllebygging og kraftleidningar, så er eit kvart inngrep i områda til havørn av betydning. Havørna var lågt nede for få år sidan pga. gift i egga osv. og havørnbestanden vi no har skuldast at eldsjelar har jobba hardt i håp om at det skulle gå bra. Sumeffekten på havørnbestand kan bli stor. Det må leggast mykje meir vekt på at havørna er ein norsk ansvarsart. Ein ny nedtur kan gå endå verre.

Vandrefalken som er omtala i konsekvensutgreiinga har ikkje fått meir avklaring med tilleggsutgreiinga. Haramsøya var ein av dei få plassane der vandrefalken overlevde forrige krisa. Det tyder at Haramsøya er ein særleg verdfull lokalitet. Sidan forrige runde med utgreingar er det flytta litt på ein del vindmøller, men korleis vandrefalken blir påverka av vindmølleplasseringa er det ikkje sagt noko meir om, endå det blei sagt sist at det var manglande kunnskap om dette.

Møller på kanten av fjellplataet frå Stavneset til Nova kan påverke toppskarven. Problemet på dette området er vel ikkje løyst. Toppskarven er norsk ansvarsart. Når vindmølleplasseringa no er noko revidert, hadde vi venta at dei var trekt lengre inn frå platakanten, slik at verknaden på toppskarven kunne bli sannsynleg mindre.

Den kunnskapen ein no får (burde fått) på Smøla må no nyttast, slik at plasseringa blir tilpassa optimalt til dei behova havørna og andre truga fuglar har. Er det for store manglar, må prosjektet utsetjast eller stoppast. Den første utgreiinga hadde for få svar, og det er gjort endringar i revisjonen som krev nye svar utan at dei føreligg.

Støy

Utgreiinga om støy er opptatt av målingar. Ei anna side ved saka er kva folk oppfattar. Såleis vil sus og dur frå vindmøller oppfattast ulikt frå person til person. Dessutan kan like høg lyd frå vindmøller og vind sjå omlag lik ut på målingar, men høyrsla har ingen problem med å skilje dei.

Kraftlinene

Kraftlinene skaper framleis ein del problem. Strekninga på Haramsøya frå Johannesneset til Tverrfjellet er framleis problematisk som luftstrekke. Frå Alvestad til Hildrestranda meiner vi einaste løysinga er kabel, på land eller i sjø. Om det er mogleg bør det og sjåast på om eksisterande høgspenn på denne strekninga kan leggest i same grøfta.

Naturvernforbundet trur kabeltraseen frå Austnes til Tverrfjellet kan løyse problemet knytt til luftstrekke på vestsida. Vi tykkjer det er underleg at det ikkje er utgreidd eit alternativ med sjøkabel frå Alvestad/Hildrestranda og til Austnes landtak direkte, utan å gå bortom Flemsøya. Sjølv om dette fører til ein ny kabeltrase i sjøen, meiner vi dette vil bli vegd opp av dei forbetringane som skjer på land.

Føring av kraftline forbi Myskja-urane naturreservat har ei prinsipiell og ei praktisk side. Det skal ikkje vere lett å endre slike naturreservat, sidan dei er så vanskelege å få til og så avgrensa i omfang som dei er. Med ei løysing der noverande 22-kV-line blir kabla, vil inngrepet vere redusert og bli ganske avgrensa. Sitkagrana i området bør fjernast anten det blir line eller ikkje.

Det står ikkje noko om konsekvensane for verneformålet vedkomande kabeltraseen gjennom verneområdet ved Rogne. Nedspyling av kabel og landtak vil truleg vere eit inngrep som krev nærare utgreiing med omsyn til verneformålet. Dette synast å vere ein mangel. Verneforskrifta gir høve til framføring av vassleidning etter søknad, men det står vel ikkje noko om straumleidning.

OPPSUMMERING

Dei tilleggsutgreidde alternativa 1 og 2 er uakseptable.

Det tilleggsutgreidde alternativ 3 er det minst konfliktfylte av alternativa, men det manglar framleis dokumentasjon for verknaden på fleire område:

- påverknaden på havørn

- påverknaden på vandrefalk
- påverknaden på toppskarv
- visualisering av alternativet med 120 m vingespenn/4,5 MW turbin

Alternativ 3 er ikkje tilfredsstillande utgreidd og følgeleg ikkje akseptabelt.

Kraftlinealternativet har framleis for stor negativ konsekvens. Det synest som om det er rom for eit alternativ med sjøkabel frå Alvestad/Hildrestranda til rett nord for Austnes som må utgreiast.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi:
Haram kommune
Møre og Romsdal fylke
Naturvernforbundet i Haram
Haram kraft AS